



Er Sogn klare til å skape si eiga framtid?

Presentasjon til Sognatinget 30. april 2024 frå
styreleiar i Sogn KO

Kva snakka eg om sist?

- Samarbeid. Samarbeid. Samarbeid.
- Utgreiingsarbeida som skulle starte
- Utviklingstrekka som treff oss
- Behovet for å stå samla



Kva har skjedd sidan sist?


- Utgreiingane om samarbeid er i prosess, og gir nyttig innsikt i no-situasjonen i kommunane – me delar dei same utfordringane
- Det har vore brukt tid saman med tillitsvalde i alle kommunane for å drøfte korleis me kan skape legitime og gode prosesser
- Profil og merkevare, som vil legge grunnlaget for å jobbe på ein heilt anna måte med rekruttering av arbeidskraft og innbyggjarar, er i rute – og vert presentert på slutten av dagen i dag
- Forslag til avtalar for ein ny og sterkare regional samarbeidsrigg er utarbeidd, og stillinga som Sognasmed er lyst ut for å styrke det politiske arbeidet

Kva har me lært sidan sist?

- Samarbeid vil krevje administrativt og politisk mot. Skal me endre før det er for seint, må me ha ei medviten haldning til også å tørre å **endre det som fungerer i dag**.
- Medverknad og prosessar som tek dei tilsette og innsikten på alvor krev noko anna av oss som administrative og politiske leiarar – me må lære oss å **stole på prosessen**. Kjeppestane vil berre tene til å skape støy og uro.
- Sogn har svært gode føresetnadar for gjennomslag **dei gangane me klarar å stå samla**, men det klarar me framleis for sjeldan.

Ambisjonar utan handling er berre draumar

- Sist peika me på utfordringsbiletet: **Færre arbeidstakrarar skal løyse fleire oppgåver med mindre pengar**, og dei fleste unge **flyttar til byane**
- Det er for seint å fikse 2030 i 2030, me har berre tida og vegen – det vil KS Konsulent heilt sikkert seie meir om etterpå
- Frå administrativ side treng me at det vert tekne **reelle politiske diskusjonar** om kva handlingsalternativ den enkelte kommunen ser for seg – og kva som er konsekvensen av dei ulike valga
- Skal Sogn KO lukkast i å drive fram dei løysingane som gjer at kommunane i Sogn skal kunne levere gode tenester også i framtida, er ein 100 % avhengige av tydelege politiske bestillingar og ei **sterk politisk forankra vilje**



Kan Sogn finne nøkkelen til framtidas distriktsutvikling?

Tre sterke ingrediensar gir meg håp og tru:

1. **Digitalisering:** Sterke miljø på tvers av offentleg og privat sektor vil kunne finne og teste løysingar for framtida i ein skala som er handterbar, og med nasjonal overføringsverdi.
2. Små forhold og **korte avstandar mellom forvaltningsnivåa skapar tillit.** Sogn er unike på andel offentlege arbeidsplassar av den samla sysselsetjinga, og betre samhandling i offentleg sektor er kanskje den viktigaste nøkkelen til å halde på lokaldemokratiet slik me kjenner det. Det kan og bør me nyte til å styrke samhandlinga i regionen. I tillegg er det viktige arbeidsplassar som kjem heile regionen til gode, som Øhlckers skal sei meir om seinare.
3. **Samfunnsplanlegging** høyrest kanskje kjedeleg ut, men er nøkkelen for at kommunane skal eige utforminga av lokalsamfunna sine, og gjere dei attraktive. Her skapar ein grunnlaget for samhandling med frivillige og næringsliv, og legg til rette for attraktivitet. Sognabygdene har ein X-faktor, men berre Sogndal sentrum har lukkast med å omsetje den til vekst. Det siste er mogelegheita til regionen – om me klarar å dra vekslar på og lære frå Sogndalveksten for dei andre fjordbygdene.

Og mest spennande av alt: Desse tre er gjensidig **forsterkande**, samsvarar med alle nasjonale satsingar og treff midt i dei store og tungt finansierte EU-satsingane



Men,

- Det krev politisk vilje til å stå samla, bruke tid i lag og bygge stein på stein.